

Røldal, 15.04.2025

Årsmøtets uttale til
vår helseinnsyn - Røldal - Suldal

Sak: 2019/13014

Sender dette på brev, siden es er o'nt
om epost og redlegg var sk.

Hedvig Aan, Seim - Røldal

Lars O. Seim

Røldal, 15.09.2025

Seimsvegen 15, 5760 Røldal

NVE

Høyringsuttale - vilkårsrevisjon Røldal -Suldal : saksnr : 201913014

Underteikna var på synfaring i aktuelt område for Røldal 3.september .

Då var eg rep for Rogaland vannregionområde. No uttalar eg meg som privatperson .

Har sendt inn høyringsuttale før og vil supplera denne etter inntrykka på synfaringa 3.september. NVE sin rep. vektla at nye uttalar måtte/ burde innehalde nye momenter.

Nytt ?

Synfaringa avslørte nok at alle våre tre store vassmagasin i Røldal : Røldal, Valdalen og Votna vil vera nokså ubrukelege for friluftsliv, rekreasjon og næringsvirksomhet i framtida vinterstid. Dette vil nok også gjelde om sommaren for Votna.

Almenne interesser : Vilkårsrevisjon skal vektlegge miljø og almenne interesser.

Dersom denne vilkårsrevisjonen er seriøs..... bør den sjå alvorleg på dette tapet for bygda , med denne reduksjon av mulighet for aktiviteter. Dette er verkeleg almenne interesser som er blitt skadelidande pga kraftutbygging.

No er eg sjølvsagt klar over at eg no er inne problematikk rundt den nye konsesjonssøknaden, men desse same problemene er tilstades no i dag, og vil bli kraftig forsterka ved ein eventuell konsesjon.

Kva kan bøta på dette ??

Som den tidlegare damvoktar Nils Tveito sterkt og innstendig påpeika : KUN ein tunnel frå dammen og ca 2,5 km innover kan løysa/ betra/ og SIKRA ferdsel ved og rundt

Valdalsdammen. Dette vil då kunne bli eit gode både for grunneigerar og ikkje minst almenne interesser.

Valdalen er då tross alt den viktigaste tilkomsten til Hardangervidda frå sør-vest. !!

Næringsfond :

Fleire har framført krav om næringsfond i tilknytning til den overførte konsesjonen. Dette var også eit tema ved handsaming i Stortinget , vinteren 2022.

Røldal har allerede eit næringsfond og det er vel sjølvsagt at dette fortset til evig tid (som konsesjonen).

Men som vist til med reduserte moglegheiter for rekreasjon/ friluftsliv for bygdefolk, har dette også sterkt redusert moglegheiter for næringsvirksomhet . Dette vektla ein nok ikkje i det heile i 1962 og MÅ... no ved ein vilkårsrevisjon bli vektlagt på ein heilt annan måte enn då !! Det er gått 60 år og samfunnet er eit anna enn då.

Penger kan sjølvsagt ikkje hjelpa på alt, hverken næringsmessige, almenne interesser eller emosjonelle verknader for dei som vart og blir råka av kraftutbygginga.

MEN, ved å auka Røldal Næringsfond monaleg, slik at det blir kraftfullt og “potent” (?), syner ansvarlege myndigheter at dei tek dei lokale innbyggerane på alvor og ikkje overser deira framtidige liv.

Som eg fekk sei til slutt på synfaringa : “Fosensaka” i Trøndelag bør gje oss EIN skikkeleg lærdom , nemlig å gjera eit skikkeleg arbeid i søknadsfasen og verkeleg på alvor ta bygdefolket sine meiningar og interesser på alvor!! Då gjer ansvarlege myndigheter sitt arbeid på ein måte som kan vekke respekt lokalt og kan med rak rygg møta oss ved neste høve

Vil med dette ønskje lukke til med arbeidet !

Lars O. Seim

Røldal, 15.09.2025